

nr 5. mars 1947. Kap.: Tønnes
(Zet. 17.7.71)

elsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

11035

Elverum neste dag. Men da hadde Quisling sett i verk sine «kupplanar». Med hjelp av tyske støttespelarar hadde han tvinga seg fram til mikrofonen i Oslo Kringkastar 9. april, forkrynt at Nygaardsvolds regjering var gått av, at han sjølv hadde skipta regjering, og at all motstand mot tyskarane måtte opphøyra. Dette var uventa både for den tyske krigsleiinga og for sendemannen, men Hitler stilte seg like etter bak Quislings regjering. Difor kom Bräuer no med eit tilleggskrav i møtet med Kongen og Koht: Nygaardsvolds regjering skulle vika for Quisling.

Kongen la avgjerda i hendene på regjeringa, men sa frå at han for sin del ikkje kunne godta dei tyske krava. Hadde regjeringa eit anna syn, laut han abdisera. På ny kunne ei samla regjering avvisa dei tyske krava.

Med «Kongens nei» var forhandlingslina ute. Ville regjeringa ha gjeve same svar utan kong Haakons kategoriske standpunkt? Truleg ville ho det. Å vika for ei regjering Quisling var lite tenkjeleg. Men om Quislings kupp ikkje hadde kome? Ville regjeringa da ha prøvd ei ordning med tyskarane? Utenkjeleg er det ikkje. Forsvaret var nærest i samanbrot. Krig kunne verka vonlaust. Ei fredsordning med norsk konstitusjonelt styre på tolelege tyske vilkår kunne sjå rimelegare ut. Men etter Quislings kupp var ikkje det lenger alternativet. Bräuer kravde no at regjeringa skulle vika for eit marionettstyre. Quisling hadde i røynda slege forhandlingskorta ut av Bräuers hender.

Sjølv om regjeringa stod fast ved sitt nei, hadde ho vore nær eit moralisk samanbrot da forsvaret såg ut til å vera i oppløysing og motstand nyttelaust. Nygaardsvold hadde ynskt å gå av, men Hambro fekk til ei ordning under stortingsmøtet på Elverum 9. april slik at regjeringa vart utvida med tre konsultative statsrådar frå dei borgarlege partia. Vidare vart det sidan frå møtet protokollert at regjeringa skulle ha ei fullmakt til å «ivareta rikets anliggender» på vegner av Storting og regjering til «presidentskapet i overenstemmelse med regjeringen innkaller Stortinget til møte igjen». Det har seinare blitt diskutert om «Elverumsfullmakta» formelt var eit vedtak. Det er på det reine at det ikkje vart votert i saka, og protokollen vart sett opp i ettermiddag. Men det verkar klårt nok etter dei stenografiske referata at Stortinget gav regjeringa fullmakt til å handla på vegner av Stortinget, truleg først og fremst med tanke på dei forhandlingar med tyskarane som da skulle koma. Men at dette skulle bli ei generalfullmakt for ei regjering i eksil til å handla på vegner av Stortinget i fem år, hadde sikkert ingen tenkt seg. Ei anna sak er at Grunnlova gjev regjeringa fullmakt til å gje «Anordninger» på ganske vide område når Stortinget ikkje er samla, og det finst rom for konstitusjonell naudrett.

Kapitulasjonsavtala som norske og tyske offiserar skreiv under i Trondheim 10. juni 1940, er og omstridd: Kva innebar det at «die gesamten norwegischen Streitkräfte legen die Waffen nieder»? Galdt avtala alle norske

172

(O. Ristad) E. Liggan
Slag. 2. 7. 71

styrkar, slik formuleringa kan tyda på – eller berre 6. divisjons avdelingar som framleis var i kamp? Innebar kapitulasjonen at Noreg ikkje lenger var i krig? Eller galdt han berre dei styrkane som var att i Nord-Noreg etter at restane av marinens og flyvåpenet var overførte til Storbritannia? Dette vart eit viktig spørsmål i rettsoppgjøra etter krigen, og avtaleteksta gjev ikkje noko opplagt svar: Om krigen var slutt, hadde ikkje landet lenger nokon fiende, og da kunne ingen dømmast for «bistand til fienden». Mot dette vart det vist til at denne setninga står i ein historisk kontekst som tyder på at ho berre galdt 6. divisjons styrkar i Nord-Noreg. Det var ei rein militær avtale. Regjeringa hadde med seg styrkar ut av landet og gav samtidig melding om at krigen skulle halda fram på andre frontar. Ho valde å gå i eksil etter å ha vurdert andre alternativ. Ein følar om våpenkyvile og demarkasjonsline førtre ikkje fram. På den andre sida tyder riksrådsforhandlingane og haldninga til presidentskapet sommaren 1940 (s. 176) på at det meste av det politiske etablissementet som vart att i Noreg, i allfall på den tida rekna krigen for å vera avslutta for Noregs vedkomande.

Krigen i Noreg våren 1940 pågjekk i vel åtte veker. I alt kring 50 000 norske soldatar var under våpen kortare eller lengre tid. Den tyske landgangsstyrken 9. april var på 8-10 000 mann, men før kamphandlingane sluttar, var kring 140 000 tyske mannskap overførte til Noreg. 11 000 allierte soldatar var med i Sør-Noreg og om lag 25 000 ved Narvik. Dei norske tapa var om lag 850 døde og like mange såra. Britane hadde om lag 1900 døde, såra og fangar til lands og 2500 til sjøs. Franske og polske styrkar mista om lag 500. Tyskland hadde kring 1300 døde og 1600 såra på land, medan 2400 liv gjekk tapt under transport til Noreg.

Den traumatiske dato

Den 9. april 1940 – dato vart eit omgrep, eit symbol, eit slagord i Etterkrigs-Noreg. Han symboliserte det ubudde Noreg i møtet med den tyske krigsmakt. «Aldri meir 9. april» vart eit slagkraftig argument for alliansepolitikken i NATO. Men korteis kunne det gå til at Noreg vart teke så ubudd? Hadde nokon svikta? Spørsmålet hang der under og etter krigen og overlevde tallause debattar. Arbeidarpartiet valde i 1945 å skuva Nygaardsvold til sides. «London-regjeringa» møtte noko blanda kjensler etter krigen. To kommisjonar vart sett ned for å granska den sivile og den militære leiinga med tanke på å gjera ansvar gjeldande. Tiltale vart ikkje reist, men kritikken var alvorleg.

Det kan ikkje vera tvil om at forsvaret vart forsømt med små løyvingar i åra før krigen, og at regjeringa først frå 1937 kom i gang med å rusta opp. Ikkje før i 1938-39 fekk opprustinga noko særlig omfang. Regjeringspartiet må ta hovudansvaret for dette. Men det ber ikkje ansvaret ålei-

173

Bergen Førre: Norsk historie 1905-1940

Virt minnesmerke Del 1. Samletrykk, Oslo 1992. Skriv notar til Kogn - men uten bl.a.
hem. i MS 1887 o 1992